

## Retningslinjer for skulebyte i Vik kommune

### INNLEIING

#### § 1-1 Føremål

Formål med retningslinjene er å bidra til føreseieleg og likeverdig behandling av søknadar om skulebyte.

#### §1.-2 Heimel

Det kjem fram av opplæringslova § 13-1 første ledd, at kommunen skal oppfylla retten til grunnskuleopplæring til alle som er busett i kommunen. Grunnskuleelevar har rett til å gå på den skulen som ligg nærmast, eller den skulen i nærmiljøet dei soknar til, jamfør opplæringslova § 8-1 første ledd. Forskrifta om skulekretsar i Vik kommune gir føringar på korleis nærmiljøskulen er definert. Etter opplæringslova § 8-1 tredje ledd kan ein elev etter søknad få gå på ein annan skule enn nærmiljøskulen. Desse retningslinjene gir reglar for behandling av søknadar om skulebyte.

#### §1-2 Verkeområde

Retningslinjene for skulebyte gjeld for skulane Feios og Flatbygdi. Dei gjeld ikkje for private skular i kommunen.

### REGLAR FOR SKULEBYTE MELLOM FEIOS SKULE OG FLATBYGDI SKULE


#### §2-1 Reglar for skulebyte

Den einskilde eleven kan etter søknad få plass ved ein annan skule enn nærmiljøskulen dersom det er kapasitet ved den andre skulen og at skulebyte vert sett på som hensiktsmessig ut i frå ei totalvurdering. Omsynet til ein god elevsamansetnad skal leggast vekt på i vurderinga. Kommunen må i samarbeid med rektor sjå til at elevar med rett til plass ved skulen går føre søknadar om skulebyte.

Ved rangering av søknadar om skulebyte så gir ein prioritet til søknadar som er grunngjeve i følgjande:

- Nærleik til skulen
- Søsken ved same skule

#velkommentilvik



- Trafikk- og tryggleiksmessige tilhøve
- Særskilde forhold ved eleven
- Eleven sitt læringsmiljø
- Skulen sitt læringsmiljø

## BEHANDLING AV SØKNADAR

### §4-1 Saksgang ved behandling av søknadar om skulebyte

Søknadar om skulebyte skal sendast til skulen som ein ynskjer å byta til. Rektor behandler søknaden og skulefagleg ansvarleg godkjener vedtaket. Søknadsfristen er 1. mai.

Søknadar som kjem inn innan fristen skal behandlast før søknadar som kjem inn etter søknadsfristen.

Ei avgjersle om at ein elev får skulebyte eller ikkje, er eit einskildvedtak etter forvaltningslova. Dette medfører at avgjersla skal grunngjenvast og det skal komma fram av vedtaket at det ein har klagerett.

Dersom føresette klagar på vedtaket, skal skulefagleg ansvarleg vurdera om vedtaket skal endrast. Om ikkje vedtaket vert endra skal det sendast over til Fylkesmannen for klagehandsaming.

### §4-2 Skyss ved skulebyte

Ved skulebyte til annan skule enn nærmiljøskulen skal det stillast som vilkår at føresette sjølve må dekke eventuelle utgifter til skyss. Dette skal gå fram av vedtak om skulebyte.

Dersom skulebyte er eit tiltak for å sikra retten til opplæring, som til dømes for å hindra mobbing eller sikra betre tilpassa opplæring, skal eventuelle kostnadene til skuleskyss ikkje dekkast av foreldre.

### §4-3 Alminnelege forvaltningsrettslege reglar

Alle søknadar om skulebyte skal behandlast etter alminnelege forvaltningsrettslege prinsipp, som til dømes:

- Alle tilfelle skal behandlast likt
- Det er ikkje høve til å legga vekt på utanforliggende omsyn
- Alle moment i grunngjevinga for skulebyte skal vera saklege og relevante
- Resultatet av avgjersla skal ikkje vera sterkt urimeleg
- Inga avgjersle skal vera vilkårleg eller diskriminerande



**§4-4 Informasjon til føresette om retningslinjer for skulebyte**  
Retningslinjene skal til ei kvar tid vera tilgjengelege på skulen og kommunen si nettside.

